

---

**Fra:** yeti@1337.no  
**Sendt:** lørdag 4. november 2017 14.21  
**Til:** Rune Kilen; Helge Dyrkolbotn; Sjur dyrkolbotn  
**Emne:** Botnavegen tilskot  
**Vedlegg:** Kvittering\_og\_faktura\_Haaland.pdf

Til

Lindås kommune v/Rune Kilen

Helge Dyrkolbotn

Sjur K Dyrkolbotn

Veg rundt Botnavatnet tilskot til opprusting

Eg viser til samtale med saksførehavaren for nokre dagar sidan.

Rekninga for arbeidet vart skriven ut til Sjur Dyrkolbotn. Korkje Helge eller Sjur var til stades då arbeidet vart gjort og rekninga skriven. Difor var det eg som betalte. Vedlagt fylgjer dokumentasjon for rekninga (faktura 1279 frå entreprenøren Tore Håland) og for betalinga frå undertekna.

Etter det eg forstår var det avtalt at Helge Dyrkolbotn skulle forestå søknaden om tilskot og vel då også oppgjer til dei som eventuelt måtte forskuttera deler av kostnadene. Sett frå mi side er det greit om han tek mot tilskotet og fordeler kostnadene og tilskotet på partane.

Eg nemner her at arbeidet som no er gjort oppfyller krava til standard på vegarbeidet slik føresett. Vegen vil no kunna brøytast når snømengdene ikkje blir for store og med det utstyret vi har. Vi har ein nokså stor men litt gamaldags såkalla eintrinns fres. For effektivt å kunna bruka ein moderne såkalla totrinnsfres bør det leggjast eit tynt lag finmaska grus oppå vegdekke seinare. Det bør eventuelt gjerast til våren. I fylgje sakkunnige vil dette kosta 15 - 20000 kr.

Vikanes 0411 2017

Med helsing

Otto Dyrkolbotn

